


Brukarane av karrieresentera er nøgde, og ulike karrieretenester når ulike grupper

Brukarundersøking og innrapportert statistikk





Brukarane av karrieresentera er nøgde, og ulike karrieretenester når ulike grupper

Brukarundersøking og innrapportert statistikk

Redaktør:

Magnus Fodstad Larsen

Forfattarar:

Linda Beate Berg

Anita Lervik

Gode spørsmål! [...] ga meg nye perspektiver og sammenhenger mellom interesser/egenskaper og jobbmuligheter.

Samandrag

Det var nesten 38 000 individuelle samtalar og 23 400 unike brukarar av karrieresentera i 2021. Begge desse tala er høgare enn i 2019, og talet på unike brukarar er svært likt brukartalet i 2020. Talet på vegsøkjjarane ved karrieresentera har altså auka i løpet av koronaperioden.

Karriereveiledning.no hadde nesten 18 000 førespurnader i 2021. Dei fleste vegsøkjjarane tok kontakt via chat, men det vart òg gjennomført over 2300 telefonsamtalar.

Fordelinga på kjønn, alder og utdanningsnivå blant vegsøkjjarane ved karrieresentera har heldt seg stabil sidan 2019. Medan fordelinga på kjønn og utdanningsnivå er veldig lik blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no, er det mange fleire brukarar under 30 år på karriereveiledning.no enn blant dei som oppsøker karrieresentera.

Brukarane er svært nøgde med rettleiinga og rettleiarane, og dette har heldt seg stabilt heilt sidan 2017.

Ønska om tema for rettleiinga heldt seg òg stabile blant vegsøkjjarane ved karrieresentera. Dei er mest interesserte i informasjon om kva for moglegheiter dei har når det gjeld utdanning. På karriereveiledning.no handla berre 18 prosent av rettleiinga om noko anna enn utdanning.

Blant respondentane på brukarundersøkinga for karrieresentera er det flest som svarar at dei har fått informasjon om karrieresenteret frå Nav og vennar og andre folk dei kjenner.

Bruken av Skype/Teams og telefon har auka sidan 2019, medan fysiske samtalar har minka tilsvarande. Når vi bryt ned på utdanningsnivå, finn vi at det er størst prosentdel blant dei med høgare utdanning og fagskole som har fått rettleiing via Skype og Teams, medan det er størst prosentdel blant dei med vidaregåande skole og grunnskole som høgaste fullførte utdanning som har hatt fysiske samtalar.

Innleiing

Dette notatet handlar om bruken i 2021 av dei to offentlege karrieretenestene karriereveiledning.no og dei offentlege karrieresentera, som no finst i alle fylka i Noreg. Karrieresentera er primært eit tilbod til vaksne over 19 år, medan karriereveiledning.no har heile befolkninga, i alle aldrar, som målgruppe.

Datakjeldene våre er brukarstatistikk frå karriereveiledning.no og karrieresentera og brukarundersøkinga for karrieresentera. Statistikken for karrieresentera er innrapportert frå dei ulike karrieresentera (totalt 42 senter, fordelt på alle fylka i Noreg). Vi har fokus på kven brukarane er; alder, kjønn, utdanningsnivå og arbeidslivssituasjon, og kva dei brukar karrieretenestene til.

Brucarane av karriereveiledning.no i 2021

Karriereveiledning.no fekk i 2021 totalt nesten 18 000 førespurnader (tabell 1). Dei fleste førespurnadene kom via chat, men karriereveiledning.no gjennomførte òg totalt 2336 telefonsamtalar. Sidan denne tenesta er anonym, vert det ikkje registrert unike brukarar. Somme brukarar kan ha nytta tenesta fleire gongar.

Karriereveiledning.no har for ein stor del ei ung brukargruppe. Dei som ønskjer rettleiing via chat på karriereveiledning.no, må fylle ut opplysningar om seg sjølve. Av desse er 74 prosent yngre enn 30 år, og 60 prosent er kvinner (tabell 2). 38 prosent er under utdanning, 33 prosent er i jobb, og 12 prosent er arbeidsledige eller permitterte. 17 prosent har utdanning på grunnskolenivå, 58 prosent har utdanning på vidaregåande skole- eller fagskolenivå, og 25 prosent har høgare utdanning.

Tabell 1 Førespurnader og gjennomførte rettleiingar på karriereveiledning.no.2021. Tal

Innkommande chattar	14663
Gjennomførte chattar	12751
Innkommande telefonar	3178
Gjennomførte telefonsamtalar	2336
Totalt tal på førespurnader	17841
Totalt tal på gjennomførte rettleiingar	15087

Det er tidvis kø på tenesta karriereveiledning.no. Dette fører til ventetid på mellom anna rettleiing via telefon. Somme veksøklarar avsluttar derfor medan dei står i kø. Det forklarar skilnaden mellom innkomande telefonar og gjennomførte telefonsamtalar. Det same gjeld òg for rettleiingar via chat.


Tabell 2 Alder, kjønn, utdanningsnivå og arbeidslivssituasjon blant chat-brukarane av karriereveiledning.no. 2021. n=15194 Prosent

Alder	2021
18 år eller yngre	28 %
19–24 år	31 %
25–29 år	14 %
30–39 år	17 %
40–49 år	7 %
50–59 år	2 %
60 år +	1 %
Kjønn	
Kvinne	61 %
Mann	36 %
Anna	1 %
Ønskjer ikkje å oppgi	2 %
Utdanningsnivå	
Ikkje fullført grunnskole	6 %
Grunnskole	11 %
Vidaregåande utdanning	1 %
Vidaregåande utdanning, fullført 1 år	8 %
Vidaregåande utdanning, fullført 2 år	15 %
Vidaregåande utdanning, fullført alle år	29 %
Fagskole	5 %
Universitet/høgskole, opptil tre år	15 %
Universitet/høgskole, fire år eller meir	10 %
Arbeidslivssituasjon	
Under utdanning	38 %
I jobb	33 %
Arbeidsledig	11 %
Permittert	3 %
Anna	15 %

Rapportering frå karrieresentera 2021

Rapporteringa frå karrieresentera viser at talet på unike brukarar og individuelle samtalar har auka litt i løpet av koronaperioden (figur 1, sjå òg Bettum 2019, Bettum 2020 og Birkeland mfl. 2021). Totalt var det 23392 unike brukarar av karrieresentera og 37847 individuelle samtalar i 2021 (tabell 3). Jamvel om det er færre kurs og grupperettleiingar enn individuelle samtalar, bidrar dette tilbodet til å auke talet på personar som faktisk har fått eit tilbod ved karrieresentera (tabell 4).

Figur 1 Unike brukarar, individuelle samtalar og kurs/grupperettleiingar på karrieresentera. 2019, 2020 og 2021. Tal



Tabell 3 Unike brukarar, gjennomførte samtalar, kurs og grupperettleiingar, etter fylke. 2019, 2020 og 2021. Tal

	Unike brukarar			Gjennomførte samtalar			Kurs og grupperettleiingar		
	2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021
Viken	6093	5777	6016	8450	8238	8158	337	76	166
Oslo	68	2595	2663	69	2595	3481	0	18	42
Innlandet	1230	1803	1638	1692	2345	2497	48	23	48
Vestfold og Telemark	2049	1708	1387	3259	2772	2207	27	11	301
Agder	3598	3373	3556	12891	11306	10994	162	141	95
Rogaland	1213	1274	1542	1917	2316	944	38	3	3
Vestland	1316	1344	1532	2152	2145	2380	43	8	28
Møre og Romsdal	409	328	508	450	333	627	13	0	2
Trøndelag	1148	1872	1405	1802	2671	2398	134	133	1120

Nordland	2553	2769	2543	4720	5394	3086	145	342	146
Troms og Finnmark	752	828	602	1178	1406	1075	65	47	13
Totalt	20429	23671	23392	38580	41521	37847	1012	802	1964

Vi har ikkje noko eksakt tal på kor mange som har fått tilbod om kurs og grupperettleiingar fordi fylka rapporterer på dette i form av talintervall. Tala i tabell 4 gir likevel eit visst inntrykk av mengda av deltakarar på kurs og grupperettleiingar.

Fylka har rapportert talet på kurs og grupperettleiingar saman med informasjon om talet på deltakarar i kursa og grupperettleiingane, i form av intervall (tabell 4). Vi har derfor ikkje eit eksakt tal på kor mange som har fått eit slikt tilbod, men tala gir eit visst inntrykk.

Tabell 4 Kurs og grupperettleiingar i 2021. Tal

Inntil 10 deltakarar	1116
11–20 deltakarar	325
21–50 deltakarar	173
51 deltakarar eller fleire	72

Når det gjeld brukarane av individuell karriererettleiing, held fordelinga på alder, kjønn, utdanning og landbakgrunn seg stabil. Vegsøklarar i alderen 30–49 år utgjer om lag halvparten, og det er nesten dobbelt så mange kvinner som menn som oppsøker karrieresentera for individuell rettleiing. Fordelt etter utdanningsnivå er det flest vegsøklarar blant dei som har grunnskole og vidaregåande skole som høgaste fullførte utdanning. Om lag to tredjedelar av vegsøklarane kjem frå Noreg. Svært mange av vegsøklarane er i arbeid (tabell 5).

Tabell 5 Alder, kjønn, utdanningsnivå og landbakgrunn blant brukarane av karrieresentera. 2019, 2020 og 2021. Prosent

Alder	2019	2020	2021
Under 20 år	4 %	4 %	3 %
21–24 år	20 %	19 %	17 %
25–29 år	24 %	22 %	21 %
30–49 år	49 %	52 %	52 %
50 og eldre	7 %	7 %	7 %
Kjønn			
Menn	38 %	37 %	36 %
Kvinner	62 %	63 %	64 %
Utdanningsnivå			
Ikkje fullført grunnskole	3 %	3 %	4 %
Fullført grunnskole	35 %	31 %	33 %
Fullført og bestått vidaregåande opplæring	39 %	40 %	37 %
Fullført og bestått fagskole	2 %	3 %	2 %
Fullført bachelorgrad eller tilsvarande	17 %	18 %	18 %
Fullført mastergrad eller tilsvarande	4 %	5 %	6 %
Landbakgrunn			
Noreg	69 %	68 %	65 %
Andre land i Europa	8 %	9 %	9 %
Land utanfor Europa	23 %	23 %	26 %


Brucarundersøkinga

Brucarundersøkinga ved karrieresentera er ei undersøking som vert send ut fortløpande til personar som har vore til individuell rettleiing ved eit karrieresenter. Undersøkinga inneheld spørsmål om respondentbakgrunn, rettleiingstimen, karrieresenteret og rettleiaren. I alt svarta 2387 personar på undersøkinga i 2021. Det er i hovudsak karrieresentera som sjølve sender ut undersøkinga til brukarane. Resultata er ikkje naudsynleg representative for alle som har vore til rettleiing.

Rettleiingar via e-post og Teams har auka i koronaperioden

Prosentdelen som mottok rettleiinga på telefon, Skype eller Teams, auka under koronatida, medan dei fysiske møta sakk tilsvarende (figur 2). Dei som var permitterte i 2021, hadde flest som fekk rettleiinga via telefon, medan dei som var under utdanning, hadde høgast prosentdel som mottok rettleiinga på Skype eller Teams (figur 3). Ifølgje statistikkrapporteringa for karrieresentera er det berre seks av totalt 42 senter som tilbyr chat. Dette forklarar kvifor under ein prosent, totalt 19 respondentar, svarar at dei har fått rettleiing via chat.


Figur 2 Former for rettleiing blant brukarane av karrieresentera. 2019, 2020 og 2021. Prosent



d


Dataa våre tyder ikkje på at dei som mottek rettleiinga via Teams eller Skype, er noko mindre nøgde med rettleiinga enn dei som har fått rettleiing via telefon eller møtt opp fysisk.

Figur 3 Former for rettleiing blant brukarane av karrieresentera, etter arbeidslivssituasjon. 2021. n=2387 Prosent



Fysiske møte er mest brukte av den yngste aldersgruppa, og telefonsamtalar er mest brukte blant dei som er 30 år eller eldre (figur 4).

Figur 4 Former for rettleiing blant brukarane av karrieresentera, etter alder. 2021. n=2387 Prosent



Dei fysiske møta er viktige for dei som har minst utdanning

I figur 5 er måten rettleiinga gjekk føre seg på, broten ned på utdanningsnivå.


Blant dei som mottok rettleiinga som eit fysisk møte, er det færrest blant dei med

høgare utdanning. Denne skilnaden er signifikant¹. Blant dei som fekk rettleiing på Skype eller Teams, derimot, er det flest blant dei med grunnskole eller vidaregåande skole som høgaste fullførte utdanning. Denne skilnaden er òg signifikant.

Når vi bryt ned på arbeidslivssituasjon og alder, er det flest som mottok rettleiing i form av fysiske møte, blant dei som er 60 år eller eldre (44 prosent (n=18)), og flest blant dei som er i arbeid og dei som korkje er i arbeid eller utdanning.


Det er størst prosentdel blant dei under utdanning som har motteke rettleiing på Skype/Teams. Dette heng saman med at heile 64 prosent av dei respondentane som er 18 år eller yngre (n=25), har fått rettleiing på Skype/Teams.

Figur 5 Bruk av Skype/Teams blant brukarane av karrieresentera, etter utdanningsnivå. 2021. n=2387 Prosent




¹ Målt med t-test, med 95 prosent konfidensintervall.

Brukarane er nøgde med rettleiingstilbodet – også over tid



I 2021 var 94 prosent av de som svarte på brukarundersøkinga, ganske eller svært nøgde med karriererettleiinga (figur 6), og 91 prosent svarte at dei ville tilrå det karrieresenteret der dei hadde vore, til andre. Desse tala har heldt seg stabile sidan 2017.

Figur 6 Prosentdel av brukarane av karrieresentera som var ganske/svært nøgde med karriererettleiinga. 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021.



Nesten alle respondentane hadde gode opplevingar i møtet med rettleiaren (figur 7). Når vi bryt ned på bakgrunnsvariablane, er det dei yngste og eldste som er minst nøgde. Dei respondentane som er 18 år eller yngre (n=25), er gjennomgåande mindre tilfredse med rettleiaren enn dei andre, bortsett frå når det gjeld lokal arbeidsmarknadskunnskap.

Denne fråsegna i spørjeundersøkinga skil seg ut ved at ikkje fleire enn 75 prosent av respondentane er heilt eller delvis samde i at rettleiaren hadde god kunnskap om arbeidsmarknaden i lokalområda deira. I Oslo og Troms og Finnmark var høvesvis 68 og 69 prosent heilt eller delvis samde. Også i undersøkinga frå 2020 var det færrest respondentar som var samde i denne fråsegna om rettleiaren, og i Oslo var talet då 66 prosent. Rogaland og Møre og Romsdal ligg høgast i årets undersøking, med respektive 83 og 79 prosent. Rogaland låg også over gjennomsnittet i 2020, med 78 prosent, medan Møre og Romsdal låg på gjennomsnittet (77 prosent).


Figur 7 Prosentdel av brukarane av karrieresentera som var heilt/delvis samde i ulike utsegner om karriererettleiaren. 2021. n=2387



Vegsøklarane er stort sett tilfredse med tilgangen på karriererettleiing

Respondentane sine svar på spørsmåla om tilgjengelegheit er òg stabile over tid (figur 8). Eitt unntak er spørsmålet om geografisk avstand, der prosentdelen som har svara at dei er nøgde eller svært nøgde, har gått ned i løpet av koronatida, frå 91 prosent i 2019 til 72 prosent i 2021. Det er mogleg at dette har med koronasituasjonen å gjere, og at folk helst vil reise minst – og kortast – mogleg. I 2021 vart «permittert» lagt til som svaralternativ for spørsmålet om livssituasjon, i tillegg til i jobb, i arbeid og korkje i jobb eller i arbeid. 61 prosent av dei som svarar at dei er permitterte, er nøgde/svært nøgde, medan litt over 70 prosent av dei som er i arbeid, i jobb eller korkje i jobb eller utdanning, svarar det same.

Figur 8 Prosentdel av brukarane av karrieresentera som var nøgde/svært nøgde med tilgjengelegheita. 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021




Også ønska om tema for rettleiinga held seg stabile

Veilederen min hjalp meg til å sortere tanker, ga meg svar på det jeg lurte på, hjalp meg å finne ut av hva jeg vil, hjalp meg med å legge en plan. Hun så og hørte meg. Jeg følte at hun oppriktig var interessert.

Ønska om dei ulike temaa for rettleiinga held seg òg stabile over tid (figur 9). Det er ein auke i prosentdelen som ønskte seg rettleiing om kva for moglegheiter dei har for utdanning, men denne auken er ikkje statistisk signifikant². Høvesvis 73 og 74 prosent av dei permitterte og dei under utdanning ønskte seg rettleiing om utdanningsmoglegheiter.


² Målt med Z-test, med 95 prosent konfidensintervall.

Figur 9 Ønskte tema for rettleiinga blant brukarane av karrieresentera. 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021. Prosent



På karriereveiledning.no er det òg flest spørsmål om kva for moglegheiter dei har for utdanning. 82 prosent av førespurnadene i 2021 handla om utdanning (figur 10). Dette avspeglar at brukarane av karriereveiledning.no har ein mykje yngre aldersprofil enn brukarane av karrieresentera, som er eit tilbod til vaksne. Dei som tek kontakt, er mest interesserte i høgare utdanning og vidaregåande skole. Fram til no er det få som har teke kontakt med karriereveiledning.no om fagskoleutdanning.


Figur 10 Tema blant brukarane på karriereveiledning.no. 2021. n=15194 Prosent



Nav og jungeltelegrafan er framleis dei viktigaste informasjonskjeldene om karrieresentera

28 prosent av brukarane fekk høyre om karrieresenteret frå Nav, og 25 prosent frå vennar og kjenningar (figur 11). Også på dette området er tala stabile når vi samanliknar med tidlegare år. Prosentdelen som har høyrte om karrieresenteret blant vennar og kjenningar, har gått gradvis ned, frå 33 prosent i 2019 og 30 prosent i 2020.


Figur 11 Kor brukarane av karrieresentera fekk informasjon om karrieresenteret. 2021. n=2387 Prosent



Dei ulike karrieretenestene treffer ulike målgrupper


Kjønnsfordelinga blant brukarane av karriereveiledning.no og karrieresentera er påfallande lik: Litt over 60 prosent kvinner, og litt under 40 prosent menn. Fordelinga på utdanning er òg nokså lik (figur 12). I begge datasetta har over halvparten av respondentane utdanning på vidaregåande skole eller fagskole-nivå, medan dei med grunnskole (eller mindre) som høgaste fullførte utdanning den minste gruppa (figur 12, sjå òg tabell 2 og 4). Blant dei som har svara på brukarundersøkinga til karrieresentera, har 41 prosent høgare utdanning.

Figur 12 Utdanningsnivå blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no. 2021. n=2387/15194 Prosent




Men aldersfordelinga er ikkje lik. Medan over halvparten av veksøklarane på karrieresentera er mellom 30 og 49 år, er 73 prosent av brukarane av chat på karriereveiledning.no yngre enn 30 år (figur 13). Dette har si logiske forklaring i at karrieresentera primært er eit tilbod til vaksne over 19 år, medan dei unge har eit eige tilbod om utdannings- og yrkesrådgiving i skulen, i tråd med § 9-2 i opplæringslova (Kunnskapsdepartementet 1998). Karriereveiledning.no rettar seg mot heile befolkninga, også dei som er under 19 år.

Figur 13 Aldersfordeling blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no. 2021. n=2387/15194 Prosent



Seniorane utgjør ei større gruppe blant respondentane på brukarundersøkinga til karrieresentera enn dei som har registrert seg for chat på karriereveiledning.no. Når vi kryssar variablane alder og utdanning i dei to datasetta, ser vi at mange av dei har høgare utdanning (figur 14). I brukarundersøkinga har 58 prosent av respondentane i alderen 50–59 år høgare utdanning. Men det er òg mange med høgare utdanning i begge datasetta blant dei som er 25 år og eldre.

Figur 14 Aldersgrupper blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no, fordelte etter utdanningsnivå. 2021. n=2387/15194 Prosent



Dei vaksne som har minst formell utdanning, deltek minst på etter- og vidareutdanning (lanke 2021), og har stort behov for karriererettleiing. Samstundes er det få vaksne med grunnskoleutdanning i datasetta våre. I brukarundersøkinga er det flest blant dei som har grunnskoleutdanning, som ikkje er i arbeid eller utdanning, og minst prosentdel av dei som er i arbeid. Samstundes har vi

tidlegare sett at det er flest blant dei med grunnskole og vidaregåande skole som høgaste utdanning som har hatt fysiske møte med rettleiarane. Det er størst prosentdel blant respondentane med fagskole og høgare utdanning som fekk rettleiing via Skype og Teams.

Vi trekkjer derfor den slutninga at dei ulike typene rettleiing når ulike målgrupper, og at det framleis vil vere behov for den tradisjonelle forma for rettleiing, utan bruk av elektroniske verktøy, også etter koronatida.

Tabellar

Tabell 1 Førespurnader og gjennomførte rettleiingar på karriereveiledning.no.2021. Tal.....	3
Tabell 2 Alder, kjønn, utdanningsnivå og arbeidslivssituasjon blant chat-brukarane av karriereveiledning.no. 2021. n=15194 Prosent	4
Tabell 3 Unike brukarar, gjennomførte samtalar, kurs og grupperettleiingar, etter fylke. 2019, 2020 og 2021. Tal	5
Tabell 4 Kurs og grupperettleiingar i 2021. Tal	6
Tabell 5 Alder, kjønn, utdanningsnivå og landbakgrunn blant brukarane av karrieresentera. 2019, 2020 og 2021. Prosent	7

Figurar

Figur 1 Unike brukarar, individuelle samtalar og kurs/grupperettleiingar på karrieresentera. 2019, 2020 og 2021. Tal	5
Figur 2 Former for rettleiing blant brukarane av karrieresentera. 2019, 2020 og 2021. Prosent.....	8
Figur 3 Former for rettleiing blant brukarane av karrieresentera, etter arbeidslivssituasjon. 2021. n=2387 Prosent	9
Figur 4 Former for rettleiing blant brukarane av karrieresentera, etter alder. 2021. n=2387 Prosent	9
Figur 5 Bruk av Skype/Teams blant brukarane av karrieresentera, etter utdanningsnivå. 2021. n=2387 Prosent.....	10
Figur 6 Prosentdel av brukarane av karrieresentera som var ganske/svært nøgde med karriererettleiinga. 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021.....	11
Figur 7 Prosentdel av brukarane av karrieresentera som var heilt/delvis samde i ulike utsegner om karriererettleiaren. 2021. n=2387	12
Figur 8 Prosentdel av brukarane av karrieresentera som var nøgde/svært nøgde med tilgjengelegheita. 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021.....	13
Figur 9 Ønskte tema for rettleiinga blant brukarane av karrieresentera. 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021. Prosent.....	14
Figur 10 Tema blant brukarane på karriereveiledning.no. 2021. n=15194 Prosent	15
Figur 11 Kor brukarane av karrieresentera fekk informasjon om karrieresenteret. 2021. n=2387 Prosent.....	15
Figur 12 Utdanningsnivå blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no. 2021. n=2387/15194 Prosent.....	16

Figur 13 Aldersfordeling blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no. 2021. n=2387/15194 Prosent.....17

Figur 14 Aldersgrupper blant brukarane av karrieresentera og karriereveiledning.no, fordelte etter utdanningsnivå. 2021. n=2387/15194 Prosent....17

Kjelder

- Bettum, Kristine. *Landsdekkende tilbud om karriereveiledning er på plass*. Oslo: Kompetanse Norge, 2020.
- Bettum, Kristine. *Offentlige karrieresentre – mer enn bare individuell veiledning*. Faktaark, Oslo: Kompetanse Norge, 2019.
- Ianke, Pia. *Livslang læring 2019: Hva vet vi om de som ikke deltar i utdanning og opplæring? Resultater fra Lærevilkårsmonitoren 2018–2019*. Bergen: Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse, 2021.
- Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. 17 07 1998.
- Pernille Birkeland, Anita Lervik, Olena Tkachenko. *Offentlige karrieresentre og brukernes erfaringer med karriereveiledning i 2020*. Faktaark, Oslo: Kompetanse Norge, 2021.

